



Samnanger kommune

Gebyrregulativ 2022

Bygge- og delingssaker

Plansaker

Saker etter matrikkellova

Forureiningslova

Tiltak i sjø

Regulativet er vedteke av kommunestyret og gjeld fra 01.01.2022.

Gebyrregulativet er vedteke med følgjande heimlar:

- § 33-1 i plan- og bygningslova av 27. juni 2008
- § 32 i lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17. juni 2005
- § 7 i lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997
- Forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker m.m. av 29. desember 1993 (forskrift til forvaltiningslova § 27 a)
- § 52 i lova av 13.mars 1981 nr 6 om vern mot ureining og om avfall (ureiningslova)
- Lov om havner og farvann av 17.04.09 nr. 19 §27 første ledd

Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ.

1 Innhold

2 Generelle reglar	4
2.1 Betalingsplikt og frist.....	4
2.2 Kva regulativ som skal nyttast.....	4
2.3 Betalingstidspunkt.....	4
2.4 Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang.....	5
2.5 Søknader som fører til avslag	5
2.6 Uriimeleg gebyr	5
2.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp.....	5
2.8 Klage på gebyr	5
2.9 Gebyr til statlege etatar.....	5
3 Tenester som skal betalast etter medgått tid	6
Timepris.....	6
4 Kart og eigedomsoppgåver.....	6
4.1 Digitale situasjonskart	6
4.2 Analoge situasjonskart på papir eller PDF	6
5 Plansaker (Pbl. kap. 12)	7
5.1 Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)	7
5.2 Reguleringsplan – endring (§ 12-14).....	7
5.3 Andre gebyr/utgifter	7
6 Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)	7
7 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)	9
7.1.1 Tiltak som krev ansvarleg føretak etter pbl § 20 – 3	9
7.1.2 Basisgebyr	9
Delingssøknader etter pbl § 20 -1 pkt. m.....	9
7.1.3 Konstruksjonar, anlegg, terrenginngrep	10
7.1.4 Tilleggsgebyr	10
7.1.5 Graving i kommunal veg	10
8 Ulovleg byggearbeid og andre ulovlege forhold.....	10
8.1.1 Påpeiking av uloveleg byggearbeid med rettingsrettleiing.....	10
8.1.2 Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid	11
8.1.3 Mulkt	11

8.1.4	Saker med pålegg om sikring	11
9	Gebyr for arbeid etter matrikkellova.....	12
9.1	Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6	12
9.1.1	Opprettning av grunneigedom, festegrunn og jordsameige.....	12
9.1.2	Opprettning av anleggseigedom	12
9.1.3	Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn (grunneigedom og festegrunn) og registrering av uregistrert jordsameige eller endring i sameigefordelinga.....	12
9.1.4	Arealoverføring	13
9.1.5	Klarlegging av eksisterande grenser alt. 1: der grensa tidligare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak	13
9.1.6	Klarlegging av grenser alt.2: der grenser og rettar tidligare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak	13
9.1.7	Grensejustering	13
9.1.8	Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon.	13
9.1.9	Oppmålingsforretning utført utan markarbeid	13
9.1.10	Opprettning av matrikkeining utan fullført oppmålingsforretning	14
9.1.11	Avbrot oppmålingsforretning eller matrikkulering	14
9.2	Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m	14
9.2.1	Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	14
9.2.2	Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd	14
9.2.3	Utsteding av matrikelbrev (gebyr vert fastsett av Kartverket)	14
9.3	Andre gebyr.....	14
10	Saker etter eigarseksjonslova.....	15
10.1.1	Søknad om seksjonering på vilkår og eller eit-trinnsøknad :	15
10.1.2	Søknad om seksjonering i beståande bygg og resekjonering:.....	15
10.1.3	Avbrot av søknad om seksjonering	15
10.1.4	Betaling av gebyr	15
11	Forureining	16
11.1	Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg	16
11.2	Tvangsmulkt etter forureningslova.....	16
12.	Tiltak i sjø.....	15

2 Generelle reglar

2.1 Betalingsplikt og frist

- Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betala gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkavet skal rettast mot tiltakshavar eller den som har bedt om å få utført aktuelt arbeid. **Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle verta avslått.**
- Kommunen skal av eige tiltak betala attende der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr.
- For alle gebyr gjeld betalingsfrist på 30 dagar frå fakturadato dersom ikkje anna er avtala. Ved for sein betaling kan kommunen krevja purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gongar, vil kommune krevja morarenter i samsvar med morarentelova frå forfallsdato.

2.2 Kva regulativ som skal nyttast

- Gebyret skal rekna ut etter det regulativ som er/var gjeldande på det tidspunkt fullstendig søknad, tilleggssøknad eller revidert søknad vert motteken av kommunen.
- For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn, t.d. nokre reguleringsplansaker, byggesaker med del saksbehandling (ramme-/igangsettingsløyve), refusjonssaker og delingssaker, vert det gebyrregulativet som er eller var gjeldande då føresetnadene for å sluttbehandla neste ledd i saksbehandlinga er til stades.
- Gebyr som er relatert til timesatsar, skal utrekna til gjeldande satsar då arbeidet vart utført.

2.3 Betalingstidspunkt

- **Før** kommunen skriv ut *mellombels bruksløyve eller ferdigattest* skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Like eins skal gebyr for kartforretning og andre gebrysaker som skal matrikkelførast og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift vera betalt før aktuelle dokument vert matrikkelført.
- For søknadssaker **kan** kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt **før** saksbehandlinga tar til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskotsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gitt overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr. Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret vert betalt før kommunen sine arbeid tek til. Til vanleg bør gebyr som skal rekna ut etter medgått tid og/eller til dekking av sakkunnig hjelp skrivast ut i ettertid. Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte delar av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.
- Klage på fastsettinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betala gebyr medfører ikkje lengd betalingsfrist.

2.4 Søknader som vert trekt, stansa eller ikkje sett i gang

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført eller som kommunen må utføra. Dersom ein byggesøknad vert trekt etter løyve er gitt, eller ved bortfall av løyve (jmf. Pbl § 21-9) vert gebyret ikkje refundert.

2.5 Søknader som fører til avslag

- Saka vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt endring/klage innan klagefristen.
- Ved avslag på søknad etter Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve) § 20-2 (tiltak som krev søknad og løyve og som kan utførast av tiltakshavar) kapittel 19 (dispensasjonssøknader) og søknad om ansvarsrettar/ lokal godkjenning skal det betalast fullt gebyr.

2.6 Urimeleg gebyr

Når særskilde grunnar tilseier det, kan kommunen på eige initiativ, etter søknad heilt eller delvis gi fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak. Søknad om redusert gebyr utset ikkje fristen for betaling. Personlege/ sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særskild grunn.

2.7 Kommunen sine kostnader til sakkunnig hjelp

- I saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må leiga inn fagkunnig hjelp i saksbehandlinga for å tilfredsstilla lovkrava, kan kommunen i tillegg til gebyret krevja å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

2.8 Klage på gebyr

- Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet for gebyr etter plan- og bygningslova.
- Kommunal klagenemnd er klageinstans for tilsvarande gebyrvedtak etter ureiningslova. Det kan ikkje klagast på at regulativet vert brukt, berre på feil bruk. Klagen skal grunngjenvæst.

2.9 Gebyr til statlege etatar.

- Der kommunen krev inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskriving og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.
- Kostnader som kommunen vert påført i samband med innhenting av relevante opplysningar med oppmålingsforretning skal dekkast av rekvirenten.

3 Tenester som skal betalast etter medgått tid

Timepris

Arbeid utover standardleveranse vil bli fakturert etter følgjande satsar:

Type arbeid:	Timesats:
Kontorarbeid	1 112
Feltarbeid	1 439

4 Kart og eideomsoppgåver

4.1 Digitale situasjonskart

- Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekst avtale for basiskart.
Sjå <http://www.statkart.no/Kart/Geodatasamarbeid/Geovekst/Salg-av-Geovekst-data/>

4.2 Analoge situasjonskart på papir eller PDF

- Gebyret for situasjonskart på papir er rekna inn i alle sakshandsamingsgebyr for dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringssak, konsjonssak og saker etter ureiningslova.

5 Plansaker (Pbl. kap. 12)

5.1 Reguleringsplan (§ 12-8 - § 12-12)

Plansaker	Gebyr
Oppstartsmøte med møtereferat:	4 166
Handsaming planførespurnad i naturutvalet	10 712
Handsaming reguleringsplan:	0
< 5 da planområde	32 396
5 - 10 da planområde	41 756
> 10 da planområde	67 954
Handsaming konsekvensutgreiing (inkl. planprogram)	35 710
Ekstraarbeid utover normal sakshandsaming pr. time	1 112
2. gangs ettersyn	11 152

5.2 Reguleringsplan – endring (§ 12-14)

Plansaker	Gebyr
Sma endringar som kan godkjennast administrativt	11 405
Mindre endringar som krev politisk handsaming	17 643
Større endringar. Gebyr som under pkt. 4.1	

5.3 Andre gebyr/utgifter

- Gebyra inkluderer tilgang til digitalt kartgrunnlag for det aktuelle planområdet, då det er krav om å levera planframlegg i digital form (jf. kart- og planforskrifta § 7).

6 Dispensasjonssaker (Pbl kap 19)

Permanent eller mellombels dispensasjon frå:	Gebyr
Strandsone. Pbl § 1-8 2. ledd	
a) Større tiltak	11 636
b) Mindre tiltak	5 106
Planføremål. Fastsett arealbruk/føremål i arealplanar	0
a) Større tiltak, jf. pbl§ 20-3	8 349
b) Mindre tiltak, jf.pbl§20-3 og 4	4 244
Kommuneplan/reguleringsplan.	0
a) Andre byggegrenser enn skildra i plankart eller i føresegn	5 063
b) Andre reglar/føresegner som er gitt i eller i medhald av pbl (t.d. fråvik frå avstandskrava mot nabogrense eller føresegn om høgde, grad av utnytting m.m.)	5 063
c) Kommunale veger. Enkle dispensasjonar	1 508
d) TEK Permanent eller mellombels løyve frå/for tekniske krav til byggverk. Jmf pbl § 29-5	5 063
Plankrav	6 493

Gebyr for dispensasjon kjem i tillegg til byggesaksgebyr. Gebyret skal betalast uansett utfall på søknaden.

For delingssak gjeld dei til ein kvar tid gjeldande satser for Bjørnefjorden landbrukskontor p.t. (kr 2000 i 2017).
Faktura vert sendt frå Fusa kommune

FRAMLEGG

7 Søknadspliktige tiltak (bygge- og anleggssaker pbl. Kap 20)

Gebyra er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søkjær si side. Satsane gjeld for kvart einskild omsøkt bygg med tilhøyrande konstruksjonar. For større utbyggingar/byggjefelt vert VVA-anlegg handsama som eiga bygesak med påfylgjande gebyr.

7.1.1 Tiltak som krev ansvarleg føretak etter pbl § 20 - 3

Kommunen fastset kva punkt i regulativet gebyret skal reknast etter. Der ei søknadssak medfører ekstra arbeid for kommunen, skal det krevjast tilleggsgebyr.

Fylgjande sakstypar skal ha basisgebyr og tilleggsgebyr:

- Ramme- og 1. trinnssøknader

Fylgjande sakstypar skal berre ha tilleggsgebyr:

- Førehandskonferanse
- Eigen søknad om igangsetting
- Eigen søknad om ansvarsrett (lokal godkjenning)
- Søknad om endring av løyve inkl. søknad om nye ansvarsrettar
- Søknad om mellombels bruksløyve.(Gjeld for byggjeløyve gitt etter 1.7.2009)

7.1.2 Basisgebyr

Nærings/ervervbygg (nybygg, påbygg og underbygg) under 100 m ²	22 306
Arealtillegg pr 1 m ² BRA utover 100 m ²	74
Bustadbygg / fritidsbustad med 1 bueing Tillegg for budstdbygg med fleire bueininger pr eining Eining nr 2 100% Eining nr 3-7 50% Eining nr 8 25%	18 470
Alle andre søknadssaker Døme er garasje, naust, uthus, tilbygg, påbygg og underbygg, anlegg, konstruksjonar, støttemurar, veg- og vassanlegg, ombygging.	7 413
Små saker (som krev ansvarleg føretak) T.d. fasadeendring, pipe, skilt, mindre støttemurar, mindre terasser og andre tiltak der ordinært sakshandsamingsgebyr verkar urimeleg høgt i høve til byggekostnad	1 856
Rivingssaker (Eigen søknad)	3 705
Avvisning/retting <u>Kommune avgjer forhold rund avvisning/retur/retting</u>	1 856
<u>Bruksendring</u>	<u>3 299</u>

Delingssøknader etter pbl § 20 -1 pkt. m.

Bustad- og hyttetomter, samt p-plass og næringsverksemd

5 681

Gebyr inkluderer handsaming av medfylgjande konstruksjonar, anlegg og terrengendringar som skildra i søknaden. For tilbygg, påbygg eller underbygg som gjev ny bu- eller bruksendring, eller som vesentleg endrar eksisterande bygning, skal det belastast gebyr som for nytt bygg.

7.1.3 Konstruksjonar, anlegg, terrenginngrep

Mindre anlegg, jf. pbl § 20-2 d)	3 504
Større anlegg, jf. pbl § 20-1 a)	7 105
Vesentleg terrenginngrep (utan dispensasjon), jf. pbl § 20-1 k), KPA §12.2	3 504
Ny avkjørsle frå kommunal veg (veglova)	3 504

7.1.4 Tilleggsgebyr

Tilleggsgebyr vert også nytta til å dekkja kommune sine utgifter til kjøp av ekstern spesialkompetanse.

Arbeid som krev inntil ¼ dagsverk	2 327
Arbeid som krev inntil ½ dagsverk	4 681
Arbeid som tek inntil 2 dagsverk	12 058
Arbeid som krev minst 2 dagsverk. Det kan også krevjast etter medgått tid. I tillegg kjem evt. utgifter til fagkunning hjelp.	23 818

Bruk av kommunegeolog fakturerast etter til ein kvar tid gjeldande satsar.

7.1.5 Graving i kommunal veg

Graving i kommunal veg	4 762
------------------------	-------

8 Ulovleg byggearbeid og andre ulovlege forhold

Ulovleg byggearbeid handsamast i utgangspunktet som vanleg søknad og "som om tiltaket ikkje er bygd" og etter gjeldande byggesaksgebyr. Gebyra for ulovlege byggearbeid kjem i tillegg til gebyr for ordinær sakhandsaming.

8.1.1 Påpeiking av uloveleg byggearbeid med rettingsrettleiing

For skriftleg melding til tiltakshavar om oppdaga ulovleg tiltak i høve til krava i plan- og bygningslova med rettleiing/opplysning om kva tiltakshavar må gjera for å få tiltaket i samsvar med regelverket vert det kravd betaling.

Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som tiltakshavar sjølv står for pbl § 20 -2 (75% av 6.1 første punkt)	11 551
Påpeiking av ulovleg byggearbeid for tiltak som krev ansvarleg føretak pbl § 20 – 1, 2.ledd	23 087

8.1.2 Oppfylgjande sakshandsaming av ulovlege byggearbeid

Dersom tiltakshavar innan sett frist ikkje har retta dei pålegg han/ho har fått for å få tiltaket i lovlege former, skal det betalast tilleggsgebyr etter medgått tid dersom tidsbruken overstig minstegebyret. I tillegg kan kommunen krevja dekka kostnader til sakkunnig hjelp.

Minstegebyr:

Tiltak som tiltakshavar sjølv står for Pbl § 20 - 2	10 383
Tiltaks som krev kvalifisert ansvarleg føretak Pbl § 20 – 1 2. ledd	20 923

8.1.3 Mulkt

Dersom det ulovlege forholdet ikkje er retta innan fastsett frist, vil kommunen vurdere å gje pålegg om retting i medhald av pbl § 32-3. Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, kan kommunen gje tvangsmulkt etter pbl § 32-5, jf. §32-3, 3 ledd. Det kan gjerast utan vidare varsel

Eingongsmulkt	17 415
Dagsmulkt	878
Dagsmulkta vil gå frå og med fristoverskridning for retting gitt i pålegg og vare inntil det t ulovlege forhold er dokumentert retta.	

8.1.4 Saker med pålegg om sikring

Der det vert gitt pålegg om sikring pga manglante vedlikehald, vert det berekna eit gebyr etter §2-1 for arbeid utført av kommunen knytt til forholdet. Gebyret vert berekna etter medgått tid.

9 Gebyr for arbeid etter matrikkellova

Vintersesong jmf. Matrikkelforskrifta § 18 3.ledd.

Kommunetyret har vedteke at tida **1.11. – 30.4** skal reknast som vintersesong i Samnanger kommune i høve til forskriftfesta frist for fullføring av oppmålingsforretning.

Rekvisisjonstidspunkt er den dagen alle løyve og dokumentasjonar er klare slik at saka kan handsamast etter matrikkellova. For oppmålinga er det siste vedtaksdato når det gjeld delingsløyve eller andre løyve som må føreliggja før oppmålingsforretning kan rekvirerast. Gebyr skal betalast etter dei reglar og satsar som gjeld den dagen alle løyve til deling av eigedomen ligg føre.

9.1 Oppmålingsforretning. Saker som krev oppmålingsforretning etter §6

9.1.1 Opprettning av grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Areal 0 -100 m ²	7 223
Areal 101-2000 m ²	24 542
Areal 2001-5000 m ²	32 606
Areal 5001-20000 m ²	43 442
Areal over 20000 m ² minstegebyr	43 442

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

9.1.2 Opprettning av anleggseigedom

Volum 0-5000 m ³	40 641
Volum 5001 m ³ og over	48 683

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

9.1.3 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

(grunneigedom og festegrunn) og registrering av uregistrert jordsameige eller endring i sameigefordelinga.

Areal 0 – 100 m ²	7 332
Areal 101-2000 m ²	24 542
Areal 2001-5000 m ²	24 542
Areal 5001-20000 m ²	32 606
Areal over 20000 m ² minstegebyr (+ medgått tid jfr 2 c))	35 558

For matrikkulering av umatrikulert offentleg veggrunn der kommunen sjølv held oppmålingsforretning gjeld satsar som over. For matrikkulering av fylkes-, riks- og europaveg gjeld satsar for medgått tid ved matrikkelføring.

9.1.4 Arealoverføring

Areal 0-500 m ²	24 640
Areal 501-1000 m ²	33 485
Areal over 1000 m ² minstegebyr	44 221

Ved vesentleg meirarbeid ut over det som er rekna inn i ovannemnde satsar, skal meirarbeidet gebyrleggast etter medgått tid.

9.1.5 Klarlegging av eksisterande grenser alt. 1: der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	6 075
For overskytande grensepunkt pr punkt	525

9.1.6 Klarlegging av grenser alt.2: der grenser og rettar tidlegare ikkje er koordinatbestemt ved kartforretning, oppmålingsforretning eller jordskiftesak

For inntil 4 punkt	14 879
For overskytande grensepunkt pr punkt	751

9.1.7 Grensejustering

Areal 0-100 m ²	8 125
Areal 101-500 m ²	10 521

9.1.8 Oppmåling av uteareal til eigarseksjon eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon.

Prisar pr. seksjonering

Areal 0-100 m ²	7 332
Areal 101-250 m ²	8 975
Areal 251-2000 m ²	12 260
Areal over 2000 m ² for kvar 1000 m ² over	2 464

9.1.9 Oppmålingsforretning utført utan markarbeid

Dersom oppmålingsforretning vert utført utan markarbeid, skal det betalast eit gebyr på 75% av satsane over.

9.1.10 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Ved fullført oppmålingsforretning innan fristen på 3 år skal vanlege
gebrysatsar betalast + eit tilleggsgebyr ved parkering av saka pr.
matrikkeleining

5 689

9.1.11 Avbrot oppmålingsforretning eller matrikkulering

Når ei sak vert trekt, avsist eller av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3.

9.2 Saker som ikkje krev oppmålingsforretning m.m

9.2.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Vert betalt i høve til medgått tid ved matrikkelføring. Eventuelle kartdata vert fakturert i høve til punkt 7.3.

9.2.2 Matrikkelføring av saker som ikkje krev oppmåling etter §10 4. ledd

Avtale om eksisterande grense. Vert betalt etter medgått tid.

9.2.3 Utsteding av matrikelbrev (gebyr vert fastsett av Kartverket)

Matrikelbrev 0-10 sider	210
Matrikelbrev over 10 sider	420

9.3 Andre gebyr

Utskrift av kartdata

A4 /A3	630
--------	-----

Sal av digitale Fkb-produkt, orto-foto og kommunale planar via Norsk Egedomsinformasjon AS (NE): Nærare vilkår for bruk og rettar til våre digitale kart og informasjonsprodukt sjå www.infoland.no. Samnanger kommune bestemmer pris på alle sine produkt i INFO land, medan NE gjer påslag for leveransekostnader ol.

10 Saker etter eigarseksjonslova

Handsaming etter (ny) Lov om eigarseksjonar

10.1.1 Søknad om seksjonering på vilkår og eller eit-trinnsøknad :

5 x det til ein kvar tid gjeldande rettsgebyr

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikkelen for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 627.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

10.1.2 Søknad om seksjonering i beståande bygg og resekjonering:

9,5 x til ein kvar tid gjeldande rettsgebyr

I tillegg kan kommunen krevje gebyr for:

- Saker etter matrikkelen for oppmåling av uteareal eller endring av areal til eksisterande eigarseksjon, ref. punkt 8.18 i dette gebyrregulativ.
- Saker som krev synfaring med kr 2 627.
- Naudsynte tinglysningsgebyr til Kartverket i saka.

10.1.3 Avbrot av søknad om seksjonering

Når ei sak vert trekt, avvist eller det av andre årsaker ikkje lar seg gjennomføre vert det fakturert 1/3 av gebyret, ved avbrot etter matrikkelføring eller oppmålingsforretning vert gebyret sett til 2/3.

10.1.4 Betaling av gebyr

Kommunen kan krevje gebyr innbetalt forskottsvis – før saka vert realitetsbehandla.

11 Forureining

11.1 Utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Handsaming av utsleppssøknad, forureiningsforskrifta kap. 12

Utslepp av gråvatn*	3 914
Svartvatn** eller totalavløp til tett tank	4 223
Utslepp av berre svartvatn	9 373
Utslepp av svartvatn og gråvatn (totalavløp)	11 227

11.2 Tvangsmulkt etter forureiningslova.

Kommunen kan pålegga forureinrar tvangsmulkt. Den kan gis både som eit eingangsgebyr og som ei dagmulkt. Tvangsmulkens storleik skal angis, og mulkten bør settes i forhold til kva for kostnader som er knytta til gjennomføring av det konkrete tiltak, og slik at det ikkje vil lønne seg for den ansvarlege å fortsetje det ulovlege forholdet.

12. Tiltak i sjø

Større tiltak	5 500
Mindre tiltak	3 273

Tiltak som fell inn under *Lov om havner og farvann* av 17.04.09 nr. 19 § 27 første ledd, som lyder:

"Bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i kommunens sjøområde, krever tillatelse av kommunen hvor tiltaket skal settes i verk.

Som tiltak regnes bl.a. fortøyningsinstallasjoner, kaier, brygger, broer, luftspenn, utdypning, dumping, akvakulturanlegg, opplag av fartøy, lyskilder, kabler og rør.

Kommunen kan ikke gi tillatelse til tiltak som vil stride mot bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her".